

AVTALE OM ISTANCELLETTING/UTBETRING AV TURSTI

frå Vesterås til Storseterfossen, Stranda kommune

Mellom Verdsarvadministrasjonen, Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen (forvaltningsstyresmakt) og grunneiarane av eigedomane gbnr. 116/1 Arnfinn Westerås, gbnr. 116/2 Oddvin Westerås og gbnr. 116/3 Inger Gausdal, Stranda kommune.

Grunneigarane på Vesterås i Stranda kommune gir med dette Verdsarvadministrasjonen og Verneområdestyret i Geiranger-Herdalen løyve til å gjennomføre istandsetjing/utbetring av tursti frå Vesterås til Storseterfossen i tråd med denne avtalen.

Avtalens omfang

Avtalen gjeld vedlikehald/utbetring av eksisterande sti frå Vesterås til Storseterfossen. Stien er ein av de mest besøkte turstiane i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde/Verdsarvområdet.

Arbeidet med stien vil skje i fleire fasar. I den første fasen vil ein ta for seg den brattaste delen av stien som er mest utsett for erosjon.

Viktige prinsipp for utbetring av stien

Tiltaket skal vere i samsvar med retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning si "Håndbok 27 - 2006 Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv", og andre retningslinjer sett av vernemyndigheita for det aktuelle området.

Vilkår:

1. Vedlikehald og utbetring av stien skal utførast i tråd med retningslinjer og arbeidsmetodar som er omtala i prosjektskissa lagd av Holen Naturservice. Eventuelle andre forhold og føringar som vil regulere tiltaket er verneførskrifta og verneføremålet
2. Både innanfor og i randsona til verneområdet må ein vere forsiktige med å drenere større areal enn akkurat det som er naudsynt for å få kontroll på vatnet. Grundig arbeid med vassrenner langs øvre del av stien, t.d. Liastølsområdet, er viktig for å unngå vassig i nedre del. Gamle vassgrøfter vil bli tekne opp att der dette er tenleg, jf. også punkt 11.

I området rundt dei nederste to svingane mot elva vil ein minimere bruken av trappetrinn og steinrenner for å unngå skader på stien ved eventuell framtidig uttak av skog i området (vinsjing). Uttak av skog bør likevel skje når det er liten fare for terrengskader.
3. Skjøtselstiltaket skal gjennomførast på ein naturvennleg berekraftig måte
4. Alle materialar og massar som skal nyttast i tiltaket skal harmonere med det rundt omliggande området. Stein til sti, klopper, renner, grøfter m.m. skal ikkje skilje seg vesentleg ut i forhold til stein som finst i området. Det same gjeld der ein skal nytte grusdekke på stien. Knust fjellmasse frå nærområdet vil med åra felle naturleg inn og ha god bindeevne
5. Det skal ryddast og stellast til etterpå, slik at arbeidet ikkje etterlet varige spor ut over sjølve stien

6. Re - vegeteringsarbeidet skal ha høg prioritet. Det skal nyttast vegetasjon og massar frå nærområdet til re – vegetering (unngå massar som kan innehalde frø frå framande artar!)
7. Det skal ikkje utførast sprengingsarbeid. Jf. verneførskrift for Geiranger- Herdalen LVO § 3.1.1
8. Bruken av maskiner og helikopter skal avgrensast til det som er naudsynt for å få gjennomført tiltak
9. Materiell og anna som skal nyttast i skjøtseltiltaket skal ikkje innehalde skadelege miljøgifter
10. Skjeringar og fyllingar skal avgrensast til eit minimum
11. Stikkrenner, opne renner, klopper og grøfter skal følgje den standard som har blitt nytta i området frå gamalt av
12. Steinsette opne renner, grøfter og klopper skal nyttast så lenge det er teneleg som dreneringssystem. Overløp kor det er naudsynt skal steinsettast
13. Bruka av rør skal avgrensast til eit minimum. Ved bruk av rør skal endane skjulast med muring
14. Skjøtseltiltaket skal i hovudsak leggest utanom hovudturistsesongen i Geiranger
15. Arbeidet skal vere under oppsikt av ansvarleg forvaltningsstyresmakt under prosjektperioden
16. Ansvarleg forvaltningsstyresmakt i landskapsvernområdet (Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen) har vedlikehaldsansvar for sti og vassrenner. Det vil bli søkt om midlar gjennom bestillingsdialogen med Statens naturoppsyn til vedlikehald, som også vil bli nytta på den delen av stien som ligg utanfor landskapsvernområdet. Kommunen er areal- og planmyndighet her. Opprusting og vedlikehald av stien er i samsvar med reguleringsføresegnene i reguleringsplan for Vesterås.

Misleghald og tvistar

Dersom det liggje føre vesentleg misleghald kan kvar av partane heve avtala etter at partane har fått ein rimeleg frist til å rette opp påtalt misleghald. Slik påtale må settes fram skriftleg.

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av avtalen, skal tvisten først søkast løyst gjennom forhandlingar. Elles gjeld reglane i lov om voldgift av 14.mai 2004 nr. 25 (voldsgiftloven).

Stad og dato:

Grunneigar gbnr 116/1

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

Grunneigar gbnr 116/2

Verdsarvadministrasjonen

Grunneigar gbnr 116/3

Stranda kommune